

Dagen 10/8-99

## – Hebraisk er lett å lære

Hemda Meltvik frå Karmøy synest ikkje hebraisk er spesielt vanskeleg å lære. Ho er no på marknaden med ei lærebok i hebraisk for nordmenn. – Dette er ei lærebok både for vanlege folk og for folk med særleg interesse for Bibelen, slike

som bibelskuleelevar og teologiske studentar, sier Meltvik. Når du har gått gjennom denne boka, kan du både lesa og skrive enkel hebraisk, forsikrar ho.

Side 9




FOTO: ERLIND MAURCELAND

## – Lett å læra seg hebraisk

Så forelegg det lærebok for nordmenn i hebraisk. Og forfatteren, Hemda Meltvik frå Karmøy, påstår det er fullt mogeleg for læra seg det framande språket — også for vanlege nordmenn.

Av JOHN SOLSVIK

**BERGEN:** – Dette er ei lærebok i hebraisk for vanlege folk og ikkje berre for språkgeni eller spesielt interesserte. Når du har gått gjennom denne boka, kan du både lesa og skriva enkel hebraisk, forsikrar Meltvik.

Denne veka lanserar ho læreboka på messa «Kvinner viser vei» i Vikingskipet i Hamar. Då vonar ho at bokhandlarar tek over salget slik at alle kan få tak i boka kvar dei måtte bu i Noreg.

Hemda Meltvik er sjølv fødd i Israel, gift med ein nordmann og er busett på Karmøy. I fleire år

har ho halde språkkurs for hebraisk-interesserte både i Stavanger, Kristiansand, på Stord og Karmøy. Men ho savna ei god lærebok med lydskrift. Dermed sette ho i gong å omsetja den beste engelsk-hebraiske læreboka som finst på markedet, som ho seier.

### God språkmetode

– Boka er skriven av ein kjend jødisk forfattar, Eliezer Tirkel, og byggjer på ein svært god språkmetode som også vert brukt i israelske språkkular, seier Meltvik.

Eliezer Tirkel var lærar, rektor og instruktør i meir enn firti år både i Israel og i diasporaen (utanfor Israel). Han lærde hebraisk til studentar med mange ulike bakgrunnar og interesser i alle aldrar. Hans stilling som kurator ved Agnon House i Jerusalem, var høgdepunktet i ein karriere grunna på å framelska det hebraiske språket.

– Dette er ei lærebok både for vanlege folk og for folk med sær-

leg interesse for Bibelen, slike som bibelskuleelevar og teologiske studentar, sier Meltvik som også trur reiseledarar til Israel vil ha god nytte av boka.

Ho synest ikkje hebraisk er spesielt vanskeleg, korkje skriftteikna eller grammatikken. Boka byggjer på moderne hebraisk, og skrifta er stor for at folk i alle aldrar skal få innhaldet med seg. Det mest uvanlege for ein nordmann ved sida av skriftteikna er at ein byrjar «bak» og arbeider seg «framover». Men også det er overkommeleg for den som gjerne vil læra seg det hebraiske språket så raskt som mogeleg. DAGEN



– Dette er ei lærebok i hebraisk for vanlege folk og ikkje berre for språkgeni eller spesielt interesserte, seier Hemda Meltvik foto:

Dagen 10/8/99